

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 100/2006

av 22. september 2006

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 42/2006 av 28. april 2006⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2005/362/EF av 2. mai 2005 om godkjenning av planen for utrydding av afrikansk svinepest hjå viltlevande svin på Sardinia i Italia⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2005/375/EF av 11. mai 2005 om endring av vedtak 90/255/EØF med hensyn til oppføring av hamndyr av sau og geit i et vedlegg til stamboken⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2005/379/EF av 17. mai 2005 om avstammings sertifikat for og opplysningar om reinrasa avlsdyr av storfe og om sæd, egg og embryo frå desse⁽⁴⁾ skal takast inn i avtala.
- 5) Kommisjonsvedtak 2005/392/EF av 17. mai 2005 om endring av vedtak 2004/233/EF med omsyn til lista over laboratorium som er godkjende for å kontrollere verknaden av rabiesvaksinasjon av visse kjøtetande husdyr⁽⁵⁾ skal takast inn i avtala.
- 6) Kommisjonsvedtak 2005/393/EF av 23. mai 2005 om verne- og overvåkingssoner i forbindelse med blåtunge, og vilkår for forflytningar fra og gjennom disse sonene⁽⁶⁾ skal takast inn i avtala.

⁽¹⁾ TEU L 175 av 29.6.2006, s. 86, og EØS-tillegget til TEU nr. 34 av 29.6.2006, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 118 av 5.5.2005, s. 37.

⁽³⁾ TEU L 121 av 13.5.2005, s. 87.

⁽⁴⁾ TEU L 125 av 18.5.2005, s. 15.

⁽⁵⁾ TEU L 130 av 24.5.2005, s. 17.

⁽⁶⁾ TEU L 130 av 24.5.2005, s. 22.

- 7) Kommisjonsvedtak 2005/434/EF av 9. juni 2005 om endring av vedtak 2005/393/EF med hensyn til unntak fra utførselsforbudet for innenlands forflytning av dyr fra restriksjonssonene⁽⁷⁾ skal takast inn i avtala.
- 8) Kommisjonsvedtak 2005/458/EF av 21. juni 2005 om unntak for Italia i medhald av artikkel 3 nr. 2 i rådsdirektiv 92/102/EØF om identifikasjon og registrering av dyr⁽⁸⁾ skal takast inn i avtala.
- 9) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 932/2005 av 8. juni 2005 om endring av forordning (EF) 999/2001 om fastsettelse av regler for å forebygge, bekjempe og utrydde visse typer overførbar spongiform encefalopati med hensyn til utvidelsen av tidsrommet for overgangstiltak⁽⁹⁾ skal takast inn i avtala.
- 10) Vedtak 2005/379/EF opphevar kommisjonsvedtak 86/404/EØF⁽¹⁰⁾, 88/124/EØF⁽¹¹⁾ og 96/80/EF⁽¹²⁾, som er tekne inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 11) Vedtak 2005/393/EF opphevar kommisjonsvedtak 2003/828/EF⁽¹³⁾, som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 12) Denne avgjerda gjeld ikkje for Island og Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I kapittel I i avtala vert endra slik det er fastsett i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Teksta til forordning (EF) nr. 932/2005 og vedtak 2005/362/EF, 2005/375/EF, 2005/379/EF, 2005/392/EF, 2005/393/EF, 2005/434/EF og 2004/458/EF på norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

⁽⁷⁾ TEU L 151 av 14.6.2005, s. 21.

⁽⁸⁾ TEU L 160 av 23.6.2005, s. 31.

⁽⁹⁾ TEU L 163 av 23.6.2005, s. 1.

⁽¹⁰⁾ TEF L 233 av 20.8.1986, s. 19.

⁽¹¹⁾ TEF L 62 av 8.3.1988, s. 32.

⁽¹²⁾ TEF L 19 av 25.1.1996, s. 50.

⁽¹³⁾ TEU L 311 av 27.11.2003, s. 41.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 23. september 2006, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 22. september 2006.

For EØS-komiteen

Oda Helen Sletnes

Formann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

VEDLEGG

til avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2006

I vedlegg I kapittel I i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL*” etter nr. 18 (kommisjonsvedtak 2004/557/EF) skal nytt nr. 19 lyde:

”19. **32005 D 0458**: Kommisjonsvedtak 2005/458/EF av 21. juni 2005 om unntak for Italia i medhald av artikkel 3 nr. 2 i rådskonklusjon 92/102/EØF om identifikasjon og registrering av dyr (EUT L 160 av 23.6.2005, s. 31).”
2. I del 2.2 etter nr. 30 (kommisjonsvedtak 2002/8/EF) skal nytt nr. 31 lyde:

”31. **32005 D 0379**: Kommisjonsvedtak 2005/379/EF av 17. mai 2005 om avstammings sertifikat for og opplysningar om reinrasa avlsdyr av storfe og om sæd, egg og embryo frå desse (EUT L 125 av 18.5.2005, s. 15).”
3. Teksta i del 2.2 nr. 4 (kommisjonsvedtak 86/404/EØF), nr. 6 (kommisjonsvedtak 88/124/EØF) og nr. 27 (kommisjonsvedtak 96/80/EF) vert oppheva.
4. I del 2.2 nr. 17 (kommisjonsvedtak 90/255/EØF) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

– **32005 D 0375**: Kommisjonsvedtak 2005/375/EF av 11. mai 2005 (EUT L 121 av 13.5.2005, s. 87).”
5. I del 3.2 etter nr. 32 (kommisjonsvedtak 2005/176/EF) skal nytt nr. 33 lyde:

”33. **32005 D 0393**: Kommisjonsvedtak 2005/393/EF av 23. mai 2005 om verne- og overvåkingssoner i forbindelse med blåtunge, og vilkår for forflytningar fra og gjennom disse sonene (EUT L 130 av 24.5.2005, s. 22), endret ved:

– **32005 D 0434**: Kommisjonsvedtak 2005/434/EF av 9. juni 2005 (EUT L 151 av 14.6.2005, s. 21).”
6. Teksta i del 3.2 nr. 30 (kommisjonsvedtak 2003/828/EF) vert oppheva.
7. I del 3.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL*” etter nr. 31 (kommisjonsvedtak 2005/235/EF) skal nytt nr. 32 lyde:

- ”32. **32005 D 0362**: Kommisjonsvedtak 2005/362/EF av 2. mai 2005 om godkjenning av planen for utrydding av afrikansk svinepest hjå viltlevande svin på Sardinia i Italia (EUT L 118 av 5.5.2005, s. 37).”
8. I del 4.2 nr. 76 (kommisjonsvedtak 2004/233/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
- ”– **32005 D 0392**: Kommisjonsvedtak 2005/392/EF av 17. mai 2005 (EUT L 130 av 24.5.2005, s. 17).”
9. I del 7.1 nr. 12 (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 999/2001) skal nytt strekpunkt lyde:
- ”– **32005 R 0932**: Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 932/2005 av 8. juni 2005 (EUT L 163 av 23.6.2005, s. 1).”